



Nissedal kommune
Treungen barnehage

ÅRSPLAN FOR TREUNGEN BARNEHAGE 2024-2025



Innhold

| | |
|---|----|
| VELKOMEN TIL TREUNGEN BARNEHAGE | 2 |
| Desse er med i SU barnehageåret 2024-2025:..... | 2 |
| PEDAGOGISK GRUNNSYN | 3 |
| Delmål..... | 4 |
| OMSORG | 4 |
| DANNING | 5 |
| BARNS MEDVERKNAD | 6 |
| LÆRING | 6 |
| Nynorsk..... | 7 |
| SAMARBEID MED HEIMEN..... | 7 |
| Foreldras medverknad | 7 |
| Visma | 8 |
| Observasjonsskjemaet ALLE MED | 8 |
| Daglege møter | 8 |
| VURDERING AV DET PEDAGOGISKE ARBEIDET | 8 |
| OVERGANGAR..... | 9 |
| Ny i barnehagen..... | 9 |
| Overgang til Storesida..... | 9 |
| Overgang til skulen | 9 |
| SAMARBEIDSPARTNARE..... | 10 |

VELKOMEN TIL TREUNGEN BARNEHAGE

Årsplanen er vårt arbeidsdokument, samtidig som den viser korleis vi arbeider for å oppfylle krava i Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen. Den er også eit viktig dokument for eigar(kommunen) sin oppfølging og tilsyn med barnehagen.

Vi arbeider:

- kontinuerleg for at alle barn skal oppleve eit trygt og inkluderande læringsmiljø fritt for krenking og mobbing.
- for at barna skal bli møtt av kompetente vaksne som har fokus på kvart enkelt barn si utvikling, og som gjer dei gode språklege og sosiale ferdigheitar.
- for at tida i barnehagen skal gje dei ein barndom prega av trivsel, venskap og leik.

Med felles forståing og i tett samarbeid med dykk foreldra, skal vi gi barna ein god start på livet.

Årsplanen skal fastsetjast av Samarbeidsutvalet (SU).

Desse er med i SU barnehageåret 2024-2025:

| | |
|-------------------------|---|
| Vilde Opland Johannesen | (vara: Håvard Rekvik) for eitt år til. |
| Oda Tveit Aarak | (vara: Ole Kristian Bøe) for to år. |
| Sikharintharn Kleven | (vara: Monika Jablonska) for eitt år til. |
| Hilde Birkedal | (vara: Inger Margrethe Kleven)for to år. |

Eigar er representert gjennom styrar som òg fungerer som sekretær for SU.

Reidun Retterholt er kommunalsjef for Oppvekst og kultur.

PEDAGOGISK GRUNNSYN

«Det viktigaste er å få leike»

Denne haldninga skal prege tankane våre både i planleggingsarbeid og når vi er saman med barna i kvardagen.

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barna leiker ikkje for å lære, men dei lærar likevel mykje gjennom leiken. Leiken stimulerer ulike sider av barna si utvikling, både språkleg, sosial og motorisk. Leiken er med på å utvikle barna sin kreativitet og evna til å løyse problem.

For å i vareta dette må personale:

- Organisere tid og rom og ha leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik.
- Bidra til at barna får felles erfaringar.
- Observere, analysere, støtte, delta i og gjere leiken meir verdifull på barna sine premissar.
- Vere beviste på og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken.
- Ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken.

Hovudmål 2024-2025

«Leik for alle»

Dette hovudmålet skal vi jobbe ut ifrå og mot, både i arbeidet med barna og i personalsamarbeidet.

"Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast" (Rammeplanen s 20)

Barn vil leike! Aleine, saman med vaksne, saman med andre barn. Leiken er ein arena for samhandling og relasjonar, og vi må sjå til at alle får ta del i leik. Inkludering i leik er av heilt grunnleggande betydning for barna sin sosiale, emosjonelle og kognitive utvikling. I leiken øver barna seg på livet.

Leiken er den viktigaste staden å jobbe med førebygging av mobbing og krenkingar i barnehagen.

Vi er «i kulissene» og hjelper for eksempel med konfliktløysing, finn utstyr og kjem med idear.

Når vi ser at leiken går i stå eller at barn strevar med å komme med i leik, kan det vere nødvendig at vi er leikeleiari (vi er «framom» barnet).

Delmål

1. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagedagen

For å kunne oppnå det må personale:

- Vere bevisste på rolla som språkleg førebilete og vere lydhøyre i kommunikasjon med alle barn.
- Stimulere den verbale og ikke-verbale kommunikasjonen til barna og leggje til rette for at alle barn blir involverte i samspel og samtalar
- Leggje til rette for aktivitetar som til døme: ulike spel, bøker/song/rim og regler, Theraplay, Bravo

2. Alle barn skal få oppleve å vere ein del av fellesskapet

For å kunne oppnå det må personale:

- Støtte barna sitt initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å halde på venner.
- Støtte barna i å setje eigne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar.
- Leggje til rette for aktivitetar som til døme: Theraplay, regelleikar, samlingsstunder, felles turar

Desse delmåla blir utgangspunkt for avdelingsmøta våre. Personalalet skal få fagleg påfyll og reflektere saman rundt desse to delmåla.

OMSORG

"Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik." (Rammeplanen s 19)

Trygghetssirkelen gjer gode føringar for kva barnet treng av oss. Vi må arbeide for å vere "trygg base –sikker hamn": som støttar barnet i utforsking og som tek imot barnet når det kjem til oss. Ein slags ladestasjon for tryggleik og omsorg.

Trygghetssirkelen

Teorien rundt Trygghetssirkelen seier oss mykje om kva barn i ulik alder treng, og kortversjonen er:

Eittåringen: "La meg vere tett innpå"

Frå 1 til 2 år: "Forstå meg og støtt meg i ulike følelsar"


Frå 2 til 3 år: "Hjelp meg i leiken"

Frå 3 til 6 år: "Fortel meg historier, la meg lære nye ting og leike med dei andre barna, men ver der når eg treng deg"

Trygghetssirkelen

Foreldre med fokus på barnets behov

© Cooper, Hoffman, Marvin, & Powell, 1999



For å kunne oppnå det må personale:

- Leggje til rette for at barna kan knyte seg til personalet og til kvarandre.
- Bidra til å dekkje barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behovet for ro og kvile.
- Møte alle barn på ein open, varm og interessert måte og vise omsorg for kvart enkelt barn.
- Vere lydhøyre for kva barn uttrykkjer, og prøve å oppfylle behovet deira for omsorg på ein god måte

DANNING

Danning er ein livslang prosess som blant anna handlar om å utvikle evnar til å reflektere over eigne handlingar og veremåte.

"Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap.» Rammeplan s 21

Barn lærer som kjent meir av det vi gjer enn av det vi seier. Vi må vere bevisste på at vi er rollemodell: vi må sjølv gjøre det vi vil barna skal gjøre!

For å kunne oppnå det må personale:

- Legge merke til, anerkjenne og følgje opp barnas perspektiv og handlingar
- Utfordre tenkinga til barna og invitere dei inn i utforskande samtalar.
- Støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet.

BARN MEDVERKNAD

"Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen." (Rammeplanen s 27)

I alle drøftingar og situasjonar må vi hugse på barns rett til medverknad. Dei skal få gje uttrykk for kva dei meiner og kva dei vil.

"Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagen sin daglege verksemd. Barn skal jamnleg få moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen sin verksemd. Barnet si synspunkt skal tilleggas vekt i samsvar med alder og mognad." Barnehagelova §3.

For å kunne oppnå det må personale:

- Lytte og vurdere korleis dei best kan ta vare på barnas ynskjer, interesser og behov.
- La barna sine interesser og nysgjerrigkeit styre tema, planar og turar.
- La barna styre kvardagssituasjonar der det lar seg gjere.

LÆRING

"I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. ... Nysgjerrigkeit, kreativitet og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane." (Rammeplanen s 22)

Vi vil legge vekt på å undre oss saman med barna, og å ta utgangspunkt i deira nysgjerrigkeit.

Rammeplanen inneholder sju fagområda som skal vere ein del av innhaldet i barnehagen:

- kommunikasjon, språk og tekst
- kropp, rørsle, mat og helse
- kunst, kultur og kreativitet
- natur, miljø og teknologi
- mengd, rom og form
- etikk, religion og filosofi
- nærmiljø og samfunn

Kvart fagområde dekker eit vidt læringsfelt. Dei gjenspeiler områder som har interesser og eigenverdi for barna i barnehagealder og skal fremme trivsel, allsidig utvikling og helse. I leik og kvardagsaktivitetar er ofte eitt eller fleire av fagområda representert.

For å kunne oppnå det må personale:

- Bruke ulikt materiell og utstyr, teknologi og digitale verktøy, spel, bøker og musikk.
- Stimulere barna sine interesse for dei ulike fagområda gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.
- Etablere eit lærande fellesskap som verdset ulike uttrykk og meininger.
- Støtte barnas refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen og skape forståing og mening saman med dei.

Nynorsk

Barnehagen brukar nynorsk som skriftspråk. Vi legg vinn på at barna skal møte nynorsk i kvardagen; gjennom bøker, songar, rim og regler.

PROGRESJON

«Alle barn skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får variert høve til leik, aktivitetar og læring.» (Rammeplan s.44)

For å kunne oppnå det må personale:

- Oppdage, følgje opp og utvide det barna alt er oppteken av.
- Bidra til at barna får meistringsopplevelingar, samtidig som dei har noko å strekkje seg etter.
- Sørgje for progresjon gjennom bevisst bruk av materiell, bøker, leiker, verktøy og utstyr – og gjere desse tilgjengelege for barna.

Frå 1-2 årsalderen vil fagområda bli knytt til kvardagssituasjonar som måltid, stell, av- og påkledning, leik og kos.

Frå 2-3 årsalderen er rolleleiken eit godt utgangspunkt for å arbeide med fagområda.

For dei eldste barna i barnehagen vil temaarbeid/aktivitetar i 5-årsklubben og elles vere eit naturleg supplement til leiken og kvardagssituasjonane.

SAMARBEID MED HEIMEN

Foreldras medverknad

«Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg» (Rammeplan s.29)

Barnets beste skal alltid vere målet for samarbeidet mellom heim og barnehage. Saman har vi eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.

Som foreldre i barnehagen har dykk moglegheit til å påverke innhaldet i barnehagen ved å:

Delta på foreldremøte og arrangementa i barnehagen.

- Vi har to foreldremøte i løpet av året, eitt på hausten og eitt på våren
- Vere representant i SU (samarbeidsutvalet)
- Delta på foreldresamtale. Vi inviterer til to samtaler i løpet av barnehageåret. Fleire samtaler kan avtalast ved behov.
- Delta på brukarundersøkinga (annakvart år) frå Udir.

Velkommen til oss med tankar og innspel. På stort og smått. Ris og ros. Vi skal lytte så godt vi kan, og drøfte korleis vi kan ta det med i vidare planlegging.

Visma

Vi brukar Visma som kommunikasjonsplattform mellom heimen og barnehagen.

Observasjonsskjemaet ALLE MED

Observasjon er ein del av det pedagogiske arbeidet i barnehagen og det intensiverast ofte før foreldresamtalane.

Dette barnehageåret vil alle barnehagane i Nissedal kommune bruke dette observasjonsskjemaet ALLE MED.

ALLE MED inneholder 18 utsegn på kvart alderstrinn. Det viser ikkje heile og fulle sannheita om eit barn, den viser berre ein del av den kompliserte prosessen barn si utvikling er.

Dette observasjonsskjemaet dekker barnets 6 utviklingsområde: Språkutvikling, leik, sosio-emosjonell utvikling, kvardagsaktivitetar, trivsel og sansemotorisk utvikling.

Vi ynskjer å ha fokus på korleis dei vaksne rundt barnet kan få barnet til å meistre.

Dersom det er noko som ein må sjå nærmare på: kva kan dei vaksne gjere for at barnet skal få det til?

Daglege møter

Ved bringing og henting ynskjer vi vere tilgjengelege for kontakt så langt det let seg gjøre. Barna og barnegruppa treng oss "på golvet", men vi prøver å få tid til beskjedar og tilbakemeldingar. Dersom de/vi vil ha ein lengre prat eller drøfte ting er det berre å ringe eller ta kontakt for ein samtale.

VURDERING AV DET PEDAGOGISKE ARBEIDET

«Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i» Rammeplan s 39

Personalalet har avdelingsmøte ein gong i månaden. Vi møtast til fagleg oppdatering, refleksjon og informasjon.

Evaluering av arbeidet vårt skal vere fast sak på desse møta.

Vi tek utgangspunkt i målformuleringane i Årsplanen og månadsbreva. "Har vi nådd måla? Kva må vi jobbe meir med? Ser vi andre og nye utfordringar?"

Denne evalueringa blir grunnlaget for mål og planar for den neste månaden.

Månadsbreva, som vi sender til dykk, skal innehalde:

- Eit kort referat frå førre månad, med refleksjonar og evaluering
- Mål for månaden som kjem, gjerne med sitat frå Rammeplan eller Årsplan. Vi tek utgangspunkt i delmåla på side 3.
- Informasjon om kva vi vil gjere, kva vi vil at barna skal oppleve/gjere og tankar om vaksenrolla.
- Vi sender ut eit felles månadsbrev for heile barnehagen der vi også tar med innhald frå den enkelte avdeling.

OVERGANGAR

Ny i barnehagen

"Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen" (Rammeplanen s 33)

Vi ønskjer å sette av god tid til tilvenning i barnehagen. Foreldra til barn som skal starte i barnehagen får tilbod om ei oppstartsamtale. Når barnet startar i barnehagen forventar vi at foreldra brukar god tid til saman med barnet den første tida. Kor lang tid kvart barn treng vil variere, og avtalast med personalet etter kvart.

Overgang til Storesida

Gjennom heile barnehageåret kjem det til å vere aktivitetar på tvers av avdelingane. På forsommaren legg vi opp til at dei som skal bytte avdeling etter ferien, blir kjent på Storesida. Barna får vere med på å "flytte"; det vil seie å flytte korga si til den nye garderobepllassen sin.

Foreldra får tilbod om ha ein oppstartssamtale med pedagog på Storesida.

Overgang til skulen

Nissedal kommune har ein plan for overgangar i utdanningsløpet: "Frå eldst til yngst". Denne planen omhandlar m.a. overgangen frå barnehage til skule. Målet er: Trygg og god skulestart

Planen skisserer diverse aktivitetar for dei som går det siste året i barnehagen, m.a.: Førskuleklubb i barnehagen, besøk på skulen, turar og aktivitetar saman med dei andre barnehagane og 1.klasse, førskuledagar. Planen ligg på heimesida til Nissedal kommune.

Vi har førskuleklubb for barna som går siste året i barnehagen. Dei aktuelle heimane får tilsendt skriv om førskuleklubben, med informasjon om mål og innhald.

Personalelet frå barnehagen blir med på førskuledagane som skulen arrangerer om våren.

SAMARBEIDSPARTNARE

Barnehagen samarbeide med dess instansane:

- Helsestasjon
- Logoped
- PP rådgjevar
- Barnevernstenesta

Desse tenestene gjev råd og rettleiing. Det er i samarbeid med foreldra.